



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	03.09.2012	095/12	ELNGUN

Offentleg**Søknad om dispensasjon til byting av mast på Høloksla, gnr 20, bnr 1****Dokument i saka:**

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 10.07.2012	Rambøll Norge AS	Maurset. Gjelder søknad om tillatelse til endring gnr 20, bnr 2, teig nr 2.
2	U 23.07.2012	Rambøll Norge AS	Vilkår til søknad om tillatelse til bytting av mast på gnr 20, bnr 2, teig nr 2.
3	I 01.08.2012	Rambøll Norge AS	Gjelder arkivsak 12/617 - bytting av mast
4	I 01.08.2012	Høel Gard	Maurset omformerstasjon på Høloksli fjell, bytting av mast, kopi Eidfjord kommune
6	I 02.08.2012	Plansjefen	Høyringsdokument
9	U 02.08.2012	Rambøll Norge AS	Gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon
7	U 02.08.2012	postmottak@fmho.no,; hfk@hfk.no,; Høel Gard; Christian Hybertsen; beathe_m@hotmail.com,; Karl David Stakseng; tom@viddagolf.no,	Høyringsdokument
8	U 02.08.2012	grethe.lill.ryeng@ramboll.no	Søknad om dispensasjon til byting av mast på Høloksla, gnr 20, bnr 1
10	I 05.08.2012	Rambøll Norge AS	Søknad om dispensasjon om oppføring av anlegg i LNF område
12	I 13.08.2012	Grethe Lill Ryeng	Byggesak 12/617 - Tillegg til søknad
11	I 14.08.2012	Rambøll Norge AS	Byggesak 12/617 - Tillegg til søknad

Vedlagt:

Dok. nr. 1, 3 og 11

Særutskrift skal sendast til: Rambøll, Nils Garen

Endeleg avgjerd i: Planutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 får Norkring AS løyve til å setja opp ny mast ved sidan av eksisterande mastepunkt på Høløksla som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Den eksisterande masta med alle fundament og bardunfester skal fjernast.
2. All transport skal skje med helikopter på barmark eller med beltekøyrety på vinterføre.
3. Det skal ryddast opp etter anleggsperioden og avfall skal leverast til godkjent deponi.
4. Privatrettslege forhold vert tilrådd avklart før tiltaket vert ferdigstilt.

03.09.2012 Eidfjord formannskap**Handsaming:**

Sakshandsamar Gunnar Elnan møtte i saka.

Arne O. Bu sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ordet "tilrådd" går ut i pkt. 4.

Røysting:

2 røysta for Arne O. Bu sitt framlegg.

3 røysta for rådmannen sitt framlegg.

FSK-095/12 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 får Norkring AS løyve til å setja opp ny mast ved sidan av eksisterande mastepunkt på Høløksla som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Den eksisterande masta med alle fundament og bardunfester skal fjernast.
2. All transport skal skje med helikopter på barmark eller med beltekøyrety på vinterføre.
3. Det skal ryddast opp etter anleggsperioden og avfall skal leverast til godkjent deponi.
4. Privatrettslege forhold vert tilrådd avklart før tiltaket vert ferdigstilt.

Saka gjeld:

Rambøll på oppdrag for Norkring søker om dispensasjon for naudsynt oppgradering av mast på Høløksla i samband med utvikling av naudnett og landsdekkjande DAB-radio. Denne oppgradering inneber å byggja ny og høgare mast, 54m høg, og riva den gamle som er om lag 33m med antenner. Det skal ikkje gjerast arbeid eller forandringar med eksisterande bygning ved masta.

Økonomiske konsekvensar:

Utbygging av landsdekkjande naudnett og DAB-radio er vedteke sentralt for Noreg. Ser ikkje at tiltaket har økonomiske konsekvensar for kommunen, men det er eit privatrettsleg forhold mellom grunneigar og masteeigar om leige/kompensasjon for bruk av grunn.

Juridiske konsekvensar:

Plassen der eksisterande mast står og der ny skal byggjast er ikkje innanfor regulert område, og er i kommuneplan avsett til LNF-område. Oppsetting av mast er ikkje i samsvar med føremålet og krev difor dispensasjon. Søkjar hevdar det ikkje er naudsynt med nabovarsel pga avstand frå næraste nabo. Regionale og statlege mynde som har interessa i saksområde skal få moglegheit til uttale. Naboar får høve til uttale med same uttalefrist.

Eksisterande mast står på gnr 20 bnr 1, det er eit privatrettsleg forhold for tiltakshavar å få løyve frå grunneigar til tiltaket.

Miljømessige konsekvensar:

Rambøll meiner det er gjort ein vurdering i forhold til naturmangfaldlova frå kommunen si side i samband med etablering av eksisterande tekniske installasjonar. Eksisterande installasjonar var sett opp lenge før naturmangfaldlova var vedteke og krav om vurderingar i forhold til naturmiljøet. Dei vurderingar og grunnlaget for vurderingar da masta var sett opp var mangelfullt i forhold til dagens kunnskapsgrunnlag. Det synest difor rett framleis å krevja ei vurdering etter naturmangfaldlova. Rambøll har gjort ei vurdering i tilgjengelege basar. Masta stå innanfor område definert som villreinområde, omsynssone B. Dei konkluderer med at sidan det ikkje er nybygg, men utskifting av mast med noko utviding, er dette ikkje avgjerande for saka.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjente.

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar